

Sjå mottakarliste

Dato: 24.02.2015  
Vår ref.: 2014/20190-7  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Vedrørende høyring av 26.08.2014 - drosjesituasjonen på Stord

Me viser til høyringsbrev av 26.08.2014 der Hordaland fylkeskommune bad om synspunkt på innføring av overgangsreglar mellom drosjesentralane i Stord kommune, samt forlag om samanslåing av Stord og Fitjar køyreområde. Alle høyringspartar utanom Norges Taxiforbund avd. Hordaland har svart på høyringa. Stord kommune har berre svart på spørsmål om overgangsreglar, Fitjar kommune og løyvehavar i Fitjar har berre svart på spørsmål om samanslåing av køyreområda.

### Samanslåing av køyreområde Stord kommune og Fitjar kommune

Alle høyringssvara går imot forslag om samanslåing.

Stord Taxi meiner at avstandane mellom dei to kommunane er for store til at det vert effektiv drift med ei samanslåing. Dette vil føra til meir tomkøyring for bilane og dermed mindre inntening.

Leirvik Taxi har i utgangspunktet interesse av ei samanslåing, men ynskjer ikkje samarbeid med dagens løyvehavar i Fitjar. Sentralen kjenner heller ikkje marknaden i Fitjar godt nok til at dei ynskjer samanslåing no.

Løyvehavar Svein Malvin Marås i Fitjar meiner at etterspurnaden etter drosjetenester i Fitjar vert dekkja av den kapasiteten som er i kommunen i dag. Han viser til at det er meir hensiktsmessig med eit samarbeid mellom drosjene i Stord og Fitjar på enkelte trafikksterke tidspunkt gjennom året.

Fitjar kommune deler Marås sitt syn og viser til at ordninga med bustadløyve fungerer godt. Kommunen meiner det vil verta for dyrt for kundar i Fitjar å tinga drosje frå Stord. Eventuell spreieing av oppdrag på kontraktskøyring kan gjera drosjetilbodet i Fitjar dårlegare. Kommunen meiner det er særskild viktig å ha åtskilde køyreområde for å kunne oppretthalda drosjetenestene i Fitjar.

Samferdselsavdelinga konstaterer at drosjemarknaden i dei to køyreområda er svært ulike og tar høyringssvara til etterretning. Ein finn ikkje grunnlag for samanslåing av køyreområda med den kommunestrukturen ein har i dag. Inntil vidare vert dei to køyreområda ståande uendra.

### Overgangsreglar mellom drosjesentralane

Stord Taxi sluttar seg til det forslaget til overgangsreglar som er lagt fram. Leirvik Taxi ynskjer ikkje overgangsreglar mellom sentralane, men ynskjer at dagens situasjon vert vidareført. Stord kommune har ikkje innvendingar til overgangsreglane, og viser til at Stord Næringsråd ser høyringsforslaget som ei god og praktisk løysing.

Samferdselsavdelinga har vurdert saka. Det vert no utarbeidd politisk sak om innføring av reglement for drosjenæringa i Stord kommune. Reglementet gjev løyvehavar fri tilslutningsrett til den sentralen han/ho ynskjer ved utlysing av ledige løyve og rett til overgang mellom sentralane etter nærare reglar. Underretning fylgjer når saka har vore oppe til politisk handsaming.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Mottakarliste:

Stord Taxi  
Fitjar Taxi  
Svein Malvin Marås  
Norges Taxiforbund avd. Hordaland  
Stord kommune  
Fitjar kommune